

Dato 25.09.2018  
Arkivkode F:/fritidsabonnentar  
Dykkar ref.: Johansen/Sundnes

**Silda velforening**  
**v/ Tore Johansen og Paul Sundnes**  
**6714 Silda**

## **VEDK. RENOVASJON PÅ SILDA – FRITIDSABONNENTAR OG FASTBUANDE.**

Viser til dykkar brev motteke 24.09.2018.

### **Hovudmål og virkeområde**

(standardforskrift §1/utdrag):

*«NoMil har som hovudmål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på kostnadmessig og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.»*

Dette inneber at NoMil skal levere avfallstenestar til alle private abonnentar i samsvar med verksemda si renovasjonsføreskrift. Ordninga skal vere tilpassa og vurdert ut frå ein kostnadmessig og miljørett måte, og det skal legges til rette for gjenvinningsordningar og kjeldesortering når dette er formålstenleg vurdert ut frå tilkomst og lokalisering, tal på abonnentar og avfallsmengde.

### **Standard renovasjonsordning for fritidseigedomar.**

NoMil tilbyr alle abonnentar med fritidsrenovasjon lik renovasjonsordning.

Renovasjonsgebyr for fritidsabonnentar dekkjer gjeldande ordning for restavfall. Alle fritidsabonnentar kan levere glas- og metallemballasje kostnadsfritt på våre gjenbruksstasjonar eller i eigen konteinarar for glas- og metallemballasje i kommunen.

### **Ny ordning for glas- og metallemballasje.**

Alle NoMil sine glasigloar i Nordfjord vart fjerna i 2017, dette er det fleire grunnar til.

For det fyrste måtte alle igloane tømmast samtidig av eigna lastebil med kran og konteinar, noko som førte til at nokon igloar var overfylte mens andre lite nytta.

Med dagens ordning kan alle glas- og metallemballasjekonteinarar tømmast av ordinær renovasjonsbil ved behov, noko som har ført til mindre overfylte konteinarar samt ein meir miljøvenleg og kostnadseffektiv transport.

Vi erfarte også at igloar ofte vart nytta til anna type avfall – spesielt i turistsesongen - noko som resulterte i at heile lass med glas- og metallemballasje måtte leverast som restavfall.

I Vågsøy står det no to store konteinarar for restavfall og glas- og metallemballasje med god kapasitet på same plass, noko som gjev vesentleg betre sortering og høgare grad av kjeldesortering og gjenbruk.

Ny henteordning av glas- og metallemballasje frå hushaldningsabonnentar har og gjeve same miljøgevinst.

## Renovasjonsordning på Silda

Velforeininga og fritidsabonnentar på Silda har ved fleire høver ytra ynskje om utvida avfallsordning med kjeldesortering og større kapasitet.

### Fritidsabonnentar:

NoMil tilbyr alle fritidsabonnentar lik henteordning for restavfall vurdert ut frå gjeldande føreskrifter. Glas- og metallemballasje kan leverast kostnadsfritt på gjenbruksstasjon eller i konteinrarar for glas- og metallemballasje plassert saman med eksisterande hytterrenovasjonskonteinrar ved Asko i Måløy. Andre typar avfall kan leverast til næraste gjenbruksstasjon.

### Hushaldningsabonnentar:

Med bakgrunn i tilkomst, tal på abonnentar og avfallsmengde tilbyr NoMil alle hushaldningsabonnentar henteordning for restavfall vurdert ut frå gjeldande føreskrifter. Andre typar avfall kan leverast til næraste gjenbruksstasjon.

### Kapasitet.

NoMil har frå veke 12/2018 auka kapasiteten på Silda frå 3 til 4 restavfallsdunkar på 1000 og 660 liter. Desse vert tømt etter behov inntil 4 gongar kvar månad som utgjer over 350 liter avfall pr. abonnement. Dette volumet er fleire gongar større enn det som ligg i våre standard ordningar. *Vi ber om at velforeininga informerer medlemmane om at bygningsavfall ikkje skal leverast i restavfallet men til gjenbruksstasjonen i Vedvik.*

NoMil har i dag renovasjonsordningar som fungerer tilfredsstillande. Tilbodet er tilpassa innbyggartal, avfallsmengde, transportavstand- og kapasitet i forhold til det kvar einskild abonnent betalar. Vi er klar over at andre renovasjonsselskap med fleire abonnentar og mindre krevjande geografi vil kunne tilby utvida kjeldesortering for fritidsabonnentar til same kostnad.

*NoMil har etter dagens gebyrsatsar dessverre ikkje ressursar til å imøtekome ynskje frå fritidsabonnentane på Silda om utvida kjeldesortering. Innspelet er likevel viktig som grunnlag for vurderingar om korleis renovasjonsordninga i regionen i framtida skal utførast på ein miljøvenleg måte og i tråd med nasjonale føringar.*

Med helsing  
for **Nordfjord Miljøverk IKS**



Inge Bent Arnestad  
Adm.dir

Kopi:  
Vågsøy kommune v/Odd Henning Svoren